

Høyringsinnspel til Kulturplan Ålesund 2026–2038

Tema: Tiltak for å styrke frivillig kultursektor

Innspel frå: Ålesund Kulturråd

Dato: 23.10.2025

Bakgrunn

Den frivillige kultursektoren i Ålesund er ein berebjelke i lokalsamfunnet og spelar ei avgjerande rolle for inkludering, livskvalitet og demokratibyggning. Kulturplanen peikar på fleire utfordringar som frivilligheita står overfor, mellom anna økonomiske barrierar, mangel på eigna lokale og behov for betre samhandling og synlegheit.

For å sikre at frivillig kulturarbeid kan utvikle seg og bidra til eit levande kulturliv i heile kommunen, foreslår vi følgjande konkrete tiltak:

Foreslåtte tiltak

Styrka økonomisk støtte

- Etabler ei fast driftsstøtteordning for frivillige lag og organisasjonar.
- Innfør fleksible prosjektmidlar med låg terskel for søknad og rapportering.
- Utrede gratis dirigenttenester og instrumentfond for skulekorpsa som i Trondheim kommune.
- Ålesund kommune bruker 30% mindre på kultur pr. Innbyggjar enn sammanlignbare kommunar, så støtte til kulturlivet må aukast.

Tilgang til lokale

- Kartlegg og opne kommunale bygg (t.d. skular) for bruk på kveldstid og helg.
- Ha fokus på at nye skulebygg og ved rehabilitering så skal behova til det frivillige kulturlivet hensyntakast. Lagerkapasitet, praktisk bruk og akustikk må vere i fokus. Deler av skulebygg må kunne benyttast for kulturaktivitetar på ettermiddag/kveld utan at heile bygget er ulåst.
- Kvar kommunedel har sitt "Gomerhus"
- Tilby støtte til drift og vedlikehald av lagseigde bygg.
- Kulturhamna må realiserast
- Frivillige organisasjonar må kunne bruke kommunens kulturhus til sterkt rabatterte prisar
- Gjere kommunale bygg attraktive og tilgjengelige som kulturscener. F.eks. ha scenemoduler tilgjengelig, tilrettelegge for god belysning av scene og gjere lokala best mulig ang lyd og lydanlegg.

- Legge til rette for gode lokaler for alle kulturaktiviteter; kor, korps, orkester, teater, kunst, billedkunst, husflid.
- Ålesund museum bør utnyttast som lokale, kompetanseplass og identitetsbygger

Kompetanse og nettverk

- Styrk Ålesund kulturråd si rolle som koordinator og rådgivar gjennom støtte til ansatteressurs på linje med Ålesund Idrettsråd. Ålesund kulturråd kan koordinere aktørar, skaffe oversikt, vere talerør og pådrivar, men må få ressurs på linje med idrettsrådet for å kunne gjere den jobben samarbeidsavtalen med Ålesund kommune legg opp til.
- Aktivitetslos også for kulturelle fritidsaktivitetar.
- Arranger årlege kompetansehevande kurs og seminar for frivillige aktørar saman med Ålesund Kulturråd og andre
- Ein stor og god kulturskule er viktig for frivillig kulturliv. Nok undervisningsplassar og nok personalressursar er viktigst.
- DaVinci-rommet som arena er viktig for rekruttering til frivillig kulturliv og for den einkilde elev.
- Det er viktig for frivilligheita med eit profesjonelt kulturliv, så Ålesund Synfoniorkester og Ålesund strykekvartett er sentrale aktørar I så måte.

Transport og tilgjengelegheit

- Etabler ein transportstøtteordning for deltaking i kulturaktivitetar.
- Samarbeid med kollektivselskap for gratis skysst til arrangement og opplæring for t.d. unge og eldre.
- La Parken Kulturhus også programmere innhald i dei andre kulturhusa I kommunen.

Synleggjering og kommunikasjon

- Opprett ein felles kulturkalender for heile kommunen. Friskus kan vere det, men Kultur I Ålesund bør synleggjerast tydelegare.
- Gi støtte til marknadsføring av frivillige arrangement, inkludert synlegheit i sosiale medier og lokal presse.
- Frivillighetsentralene i kommunen lager brosjyrer som deles ut til dei eldre om kva som skjer I kommunedelen og elles.

Avslutning

Vi meiner at desse tiltaka vil bidra til å styrke den frivillige kultursektoren og sikre eit mangfaldig og inkluderande kulturliv i Ålesund. Vi oppmodar kommunen til å integrere desse tiltaka i det endelege handlingsprogrammet og budsjettarbeidet.